

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 16.09.2011

SAKLISTE

- 43/11 DELEGASJONSSAKER
- 44/11 SKRIV OG MELDINGAR
- 45/11 TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN 2011
- 46/11 KOMMUNAL TENESTEMENY I NAV GULEN FOLKEBIBLIOTEK - NYE UTLÅNSREGLAR
- 47/11 STRATEGIPLAN FOR PLEIE OG OMSORG. MIDDAGSLEVERING
- 48/11 KOMMUNAL FORSKRIFT TIL § 21 I MATRIKKELLOVA
- 49/11 REGLEMENT FOR FOLKEVALDE RAMMER FOR LOKALE FORHANDLINGAR 2011
- 50/11 KLAGE PÅ VEDTAK GJORT ETTER KOMMUNELOVENS § 13 HASTEPARAGRAFEN
- 52/11

Stad og tid: Brekkestranda Fjordhotel, Brekke
kl. 11.00.

Sakstilfang ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på
internett: www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Trude Brosvik
Ordførar

Nærmiljø uten søppel

I sommar vart eg kontakta av ei dame i Gulen som var fortvila over at det låg så mykje søppel attmed gjenvinningskontainarane ved Rutledal ferjekai. Og det var sant, det såg ikkje ut! Eg kontakta NGIR, og sidan dette var avfall som ikkje kunne vere med i vanleg bil (kvitevarer og farleg avfall), så sende dei ein eigen bil for å hente det og ordne opp. Det står det respekt av! (Og takk til frivillige som vaska plassen etterpå!!) Men hør her folk: vi har gode ordningar kvar vår og haust med innsamling av denne typen boss. Og vi kan leve i Kjhevikalen heile året. Då MÅ kvar enkelt vere så oppegåande at dei ikkje legg frå seg bosset ved gjenvinningskontainarane elles i året.

Det er forsøpling og ulovleg. Og slik vil vi ikkje ha det i bygdene våre! Noko av det som blir sett att er jo direkte farleg, td. batteri.

Eg oppfordrar alle til å vise naturvett og folkeskikk! Bruk NGIR sine gode retur-ordningar og hald nærmiljøet vårt fritt for boss!!

Med helsing Trude Brosvik
Ordførar i Gulen

Haustrydding i Gulen 2011



Rydderuta er for dei som bur langt i frå ein
av våre gjenbruksstasjonar.

Laurdag 8. oktober 2011:
Byrknes, Brekke, Oppedal, Kringla, Gulen
nord for tunnel v/Leversund bru, Leversund–
Austgulen

Laurdag 15. oktober 2011:
Gulen sør for tunnel v/Leversund bru,
Ynnesdalen, Masfjorden unrateke Andvik–
Andås

Her kan du leve: Metall, trevirke, isoléglas,
møblar, hageavfall, elektrisk og elektronisk
avfall.

NB! Småting må samlast i øskjer.

Er du redd når du er heime?

Alarmtelefonen 116 111
for Barn og Unge er ein gratis naudtelefon for
born og unge. Den er open når
barneverntenesta er stengd.

I vekedagar er den open frå kl. 15.00 om
ettermiddagane og til kl. 08.00 neste morgen. I
helgAer telefonen open heile døgnet.

Plan-nytt

Informasjon om kommunen sine ulike planar finn du på heimesida:
www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt

Kommunen vil gjerne oppmøde innbyggjarar i Gulen å halde fokus på planar via Infoposten og heimeside!

Les meir om planprosess ved reguleringsplanar!
Du vert ikkje alltid varsla med personleg brev.

HUGS! Nytt emne i planinformasjon, sjå 'Ofte stilte spørsmål om reguleringsplanar' !

I dag pågår 24 arealplanar, blant anna følgjande:

Kommunedelplan for Sløvåg-Steine-Skipavik

Planen ligg ut på 1. gongs offentleg gjennomsyn med **utvida frist til 9. september 2011**.

Kommunedelplan for Trafikktrygging

Planprogram og planoppstart for rullering av kommunedelplan for trafikktrygging ligg ut til høyring med **frist 15. september 2011**.

Kommunedelplan for Eivindvik

Ei intern arbeidsgruppe har planlagd å drøfte konseptutkast for kommunedelplanen i august. Det er planlagd eit **samrådsmøte** for lag og organisasjonar, næringsaktørar og interesserte mandag **19. september 2011** i kommunehuset.

Reguleringsplanar

* Følgjande planar er godkjent i første halvår:

- Botnen camping
- Hjartholm indre, endring
- Kalvedalen hytter, Brandanger
- Tusenårsstaden, Flolid
- Dyrnappen, Byrknes

* Planforslag for kabelferje til Hisarøy ligg fortsatt ute til 1. gongs offentleg gjennomsyn med **frist 9. september 2011**

* Følgjande planar er administrativt godkjent, handsaming for 1. gongs offentleg gjennomsyn i **HPU-møte 2. september 2011**:

- Solibotn Hyttegrend, endring, Eivindvik
- Randal Hytter, endring, Mjømna

* Planar som nyleg er starta opp/skal starta opp:

- Storevågsneset hytter, Brandanger
- Kvernevågen næring og hytter, Mjømna
- Vatsvik hyttegrend, endring, Sandøyna

Prosjekt

Det er planlagt oppstart av strandsoneanalyse for resten av Gulen kommune.

Landbrukskontoret minner om...

...at søknadsfristen for SMIL-midlar er **20. september 2011**. Det står att i underkant av kr 100 000,- til fordeling.




...at spreiring av husdyrgjødsel kan gjerast **fram til 20. september utan søknad**.

Spreiring etter denne datoene krev grunnjevene søknad. Søknadskjema og informasjon finn ein på heimesidene eller ved å kontakte landbrukskontoret, tlf. 57 78 20 44.

Landbrukskontoret startar opp arbeidet med ein temaplan for landbruket i Gulen denne hausten. Målet med dette arbeidet er ein plan som gjev god informasjon om status for landbruket i dag, og som kan gje konkrete mål for kva kommunen ynskjer med landbruket framover og prioriterte tiltak for korleis ein kan nå desse måla. For å oppnå dette vert det mellom anna møter med bondeorganisasjonane. Meir informasjon kjem etter kvart.

Hjortejakta i Gulen 2011

Hjortejakta er rett rundt hjørnet. Den **startar 10. september og varer fram til 23. desember**.



Det er tildelt 754 dyr i Gulen og det er tilbakemeldingar om mykje hjort sett på innmark i sommar og haust.

Ta ansvar for forvaltning av hjortestammen og fell dei dyra de har fått tildelt.

Før jaktstart må de hugse å få avtale om ettersøkshund, Gulen Ettersøkslag har lagt ut avtaleformular på Gulen kommune si heimeside www.gulen.kommune.no/natur-og-miljø/naturforvaltning. Dei som har avtale med andre enn Gulen Ettersøkslag skal sende kopi av avtalen til Gulen kommune.

Kommunen ynskjer som før å få tilbake fellingsrapport, 'Sett hjort-skjema' og slaktevektskjema seinast 10 dagar etter jaktslutt. (Hugs å føre på jaktform på sett hjort-skjemaet).

Kommunen sender ut krav til alle valdansvarlege med bakgrunn i rapporten. Fellingsavgifta vert betalt inn til kommunen og går til eit kommunalt viltfond. Fellingsavgifta er kr 330 for vaksne dyr og kr 200 for kalv.

Jegeren § 4 i Forskrift om utøving av jakt

Under jakt skal jegeren ha med jegeravgiftskort og våpenkort, attestert skyteprøve for hjort og jeger/jaktlag ha med godkjent dokumentasjon for ettersøksavtale. Den som leiger ut jakta til andre, pliktar å forvisse seg om at jegeravgifta er betalt.

Merke- og Utviklingsprosjektet for Hjort-Hordaland og Sogn

Vi har 4 merka dyr med GPS i Gulen, 2 av dei dyra vart merkt på Eidsbotn i 2010 og dei må vi prøve å felle under jakta i haust 2011. Desse dyra har nr. 21 og 22. Nr. 21 er sist registrert på Eidsbotn, nr. 22 på Verkland.

Ved felling kontakt Erling Meisingseth på mobil 404 80 203 eller Gulen kommune, tlf. 57 78 20 45.

Dyra er merka med GPS-sendar og bevegelsesmønsteret deira kan du følgje ved å logge deg inn på www.hordahjort.no

Flott og fluge

Helseovervåkingsprogrammet ber jegerar, ettersøkslag og andre som handterar hjortevilt til å registrere felte/døde dyr på nettsida www.flattogflue.no

Målet med flattogflue.no er tosidig: Ein ynskjer å få fram kunnskap som nasjonale, regionale og kommunale myndigheter treng i si forvaltning, og ein ynskjer å ha ei nettside som gir lokale brukarar (jegerar, turgårar, grunneiarar, helse- og veterinærvesen) lett tilgjengeleg informasjon om lokale forhold.

Skitt jakt!

Kommunale hjelpemiddel

Hei, mitt navn er Reidun Eide. Eg er utdanna hjelpepleiar og jobbar til dagleg med kommunale hjelpemiddel her i Gulen kommune.



Dette er hjelpemiddel du kan nytte deg av når du

skal rehabilitera deg etter ein operasjon (t.d. kne, hofteoperasjon eller beinbrudd).

Som regel er det ergoterapeut frå sjukehuset som tar kontakt med kommunen, og som seier kva du treng i heimen din.

Eg kontaktar då pårørande, og tilrettelegg i samarbeid med dei slik at kvardagen skal bli så lett som mogeleg for deg når du kjem heim att.

Om du ynskjer det kan du ta ein prat med meg før du reiser, slik at eg kan planlegge litt. Kommunen har fire lager med hjelpemiddel, eit på kvart omsorgsenter.

Eg ser fram til å høre frå deg, dersom du skulle trenge litt tilrettelegging for ein periode.

Med helsing **Reidun Eide, tlf. 900 97 018**, eller ring Gulen kommune, 57 78 20 00 og spør etter meg der.

12 gode råd ved samvær med personar med demens

1. Ta deg nok tid
2. Ha augekontakt
3. Snakk tydeleg
4. Unngå distraherande støy
5. Gi enkle, klare meldingar
6. Unngå å gi meldingar i forbifarten
7. Vent på svar eller reaksjon
8. Les personen sitt kroppsspråk og tilrettelegg ut frå det
9. Ver merksam på ditt eige kroppsspråk
10. La all aktivitet føregå på personen sine premissar
11. Skap trygge omgivnader
12. Del glede !!



Dersom du ønskjer å komme i kontakt med demensteamet i Gulen kommune kan du ringe: 416 10 972 eller 957 02 551 frå måndag til fredag mellom klokka 12.00 og 16.00.

Demensteamet i Gulen kommune

Gulatinget og Grunnlovsjubileet i 2014

"Utan Gulatingslova ville ikkje det vore mogeleg for Eidsvollsmenna å lage Grunnlova i 1814." Dette sa tidlegare dekanus v/Juridisk fakultet i Bergen, professor Ernst Nordtveit, då han innleia den faglege delen av Nordatlantisk Tingstadnettverk sin konferanse i Gulen 4.-7. april i år.



Ernst Nordtveit

Sogn og Fjordane fylkeskommune har difor saman med Gulen kommune bede **Hovudkomiteen for Grunnlovens 200 års jubileum** om å innlemma Gulatinget i programmet for markeringa av jubileet i 2014. Fylkesordførar Nils R. Sandal, ordførar Trude Brosvik og prosjektleiar for Tusenårsstaden Gulatinget Anne-Karin Misje var difor sommaren 2010 i møte med med sekretær for Hovudkomiteen, Dag Nordbotten Kristoffersen for å drøfte medverknad til jubileumsprogrammet i 2014. Fylkesordføraren understreka at Gulatinget var Sogn og Fjordane sitt prosjekt og bidrag til jubileet. Nordbotten Kristoffersen opna deretter Nordatlantisk Tingstadnettverk konferanse i Gulen i april på vegne at Stortingspresidenten.



Nordbotten Kristoffersen

Skisse til program for deltagninga i 2014 er utvikla og skal opp til politisk handsaming i Fylkestinget/Kommunestyret i haust. Programmet inneber mellom anna nedlegging av grunnsteinen for det nye Visningssenteret for Gulatinget på Flolid, uroppføring av nyskrive

historisk spel, opning av 3 installasjonar knytt til formidling av Gulatinget og Gulatingslova m.m.


Forskningsrådet har i tillegg opna for forskningsprosjekt i regi av relevante forskingsinstitusjonar på tema knytt til tidleg demokratiutvikling i Noreg der tingstadane er heilt sentrale, samt andre tema knytt til Grunnlova sine føresetnader og innflytelse. Ein er no inne i ein kritisk fase med hensyn til å gjere sentrale styresmakter merksame på kor sentral Gulatinget - og Vestlandet - var i framveksten av Noreg som demokrati og rettstat.

Fra Gulatingslov til Grunnlova av 1814

Tusenårsstaden Gulatinget og Gulatingsprosjektet har ein viktig rolle å spele når det gjeld å gjere nordmenn klare over kor gammalt til dømes representasjonsprinsippet er. Ein høyrer ofte at Noreg er ein "ung nasjon", og mange trur gjerne at Grunnlova av 1814 er den første lovsamlinga i Noreg. Men Noreg er eit gammalt land som vart samla under Harald Hårfagre. Vår folkelege representative styreform går over tusen år attende i tid, og Grunnlova av 1814 er det femte lovsamlinga i rekken.

Den rettshistoriske kronologien som førde frem til 1814 starta med Gulatingslova som var nedskrive ikkje seinare enn andre halvdel av 1000 talet. Den er unik i Europeisk samanheng fordi den garanterte bøndene stor grad av sjølvråderett. Den er også unik for handskrifter frå denne perioden, fordi den er skrite på norrønt - ikkje på latin. Gulatingslova er den eldste kjente og framleis bevarte lovsamlinga i dei nordiske landa. Seinare, i 1274 e.Kr. samla Magnus "Lagabøte" lovane frå alle lagtinga (Gulating, Frostating, Eidsivating og Borgarting) i den første "Landslova" som skulle gjelde for heile landet. Men siden Gulatingslova var den mest komplette lovsamlinga på denne tida bygger, Landslova av 1274 for ein stor del på denne.

Etter Svartedauden og frem mot unionstiden med Danmark døydde det norrøne språket ut. Sidan ingen lenger forsto norrønt lot Christian IV difor oversette Magnus Lagabøte sin Landslov til dansk, og skapte "Den norske lov" av 1604. Denne vart igjen revidert i 1687 av Christian VII, og desse lovsamlingane hadde Eidsvollsmennene som bakteppe når dei skulle utvikle Grunnlova i 1814. Dei var på denne tida også påverka av kontinentale strømningar og andre lands konstitusjonar.



Men mange av lovane og forordningane vi har i dag vart første gang formulert i Gulatingslova. Odelslova, Allemannsretten, dei første kjøpslovane og den særnorske rettsordninga med kløyvd eigedomsrett - desse stammar alle frå Gulatingslova. Tusistforeninga nytta - kanskje utan å vere klar over det - framleis lova om opphold i selehus på fjellet som ein finn i Gulatingslova. Nordmenn har båre med seg rettstenkninga frå Gulatingslova i over tusen år. Det er difor ikkje slik at Grunnlova oppsto i eit vakum i løpet av seks veker på Eidsvoll. I følge Ernst Nordtvedt hadde ikkje ein gang vore mogeleg for Eidsvollsmedlemmane å sette saman ein Grunnlov i 1814, hadde dei ikkje hatt ein rik rettshistorie å bygge arbeidet sitt på. Han rekna at det tek om lag 400 år å utvikle ein lovsamling som speglar folks rettskjensle. Han synleggjorde dette poenget med at det i 1814 vart bestilt ein "Samfunnslov". Den er ikkje komen enno...

Vestlandet har ein stor jobb å gjere for å synleggjere at den norske rettshistoria går over tusen år bak i tid, og at den starta på Vestlandet - nærmare bestemt i Gulen i Sogn og Fjordane. Kommunen og fylket vil difor i samarbeide med komiteen for jubileet, bidra til å kaste lys over dei lange historiske linene attende til tingsamlingane i vikingtid og mellomalder.

Berre ved å setje Grunnlova inn i ein vidare rettshistorisk samanheng vil ein vere i stand til å synleggjere dei prosessane som påverka, la grunnlag for, og førde fram til at vi fekk Grunnlova i 1814. Dette vil vere eit hovudfokus i arbeidet med Gulatinget fram mot jubileet i 2014.

Anne-K. Misje
Tusenårsstaden Gulatinget
Prosjektleiar

Ny sokneprest

Kjell Svarstad (61) har takka ja til stillinga som sokneprest i Gulen kommune.



Foto: Marit Hommedal

"Svarstad er i dag kommunikasjonsrådgjevar for Oslo biskop i 50 prosent stilling. Han har gjort teneste i 50 kyrkjer som vikarprest med seglbåten «Nedre Himmelrike» som mobil prestebustad." (Vårt Land 29.08.11)

Les meir i neste utgåve av Kyrkjelydsbladet.

Dette skjer i kyrkja



11. september kl. 11.00:
Gudsteneste i Mjømna kyrkje

18. september kl. 11.00:
Gudsteneste i Gulen kyrkje

25. september kl. 11.00:
Gudsteneste i Brekke kyrkje

2. oktober kl. 11.00:
Gudsteneste på Byrknes Bedehus

9. oktober kl. 11.00:
Familiegudsteneste i Gulen kyrkje

Biografi om Prost Dahl

Prost i Gulen, Nils Griis Alstrup Dahl var ikkje berre en regionalt viktig person. Han var også - og kanskje viktigare - ein mann av stor nasjonal betydning. Prost Dahl er kjend i Gulen som den store samfunnsbyggaren, "potetpresten", opplysningsmannen og velgjeraren. Han reformerte jordstellet, lærte bøndene å drive vekselbruk, gjødsle og drenere, og han introduserte nye vekster i soknet. Han tilsatte jordmor, han etablerte Gulen Folkebibliotek, han vaksinerte sine soknebarn, og freista å utrydde drykkenskapen ved å kjøpe opp vinstover - og legge dei ned. Henrik Wergeland var så begeistra for det Prost Dahl hadde fått til i Gulen at han skrev diktet "Eivindvik".

Dei fleste veit også at han sat i Kommunestyret i Gulen, og at han var på Eidsvoll hausten 1814. Nokon veit kanskje til og med at han var den einaste av Eidsvollsmenna som stemte nei til unionen med svenskane - på ubunde mandat. Likevel har vi inga biografi om denne ruvande skikkelsen i norsk samfunnshistorie. Det fins ikke ein gang eit biletet av han. Det biletet som har vore brukt, har vist seg å vere av ein annan person.

Dette har den no pensjonerte journalisten i Bergens Tidende, og Inge Sellevåg bestemt seg for å gjøre noe med. Han har samla og studert historier, brev, protokoller, fragment og dokument som kan kaste lys over Prost Dahl sitt liv og lagnad, med det målet å skrive ein biografi om han. 15. august var difor Sellevåg, i lag med kulturkonsulenten, på vitjing i "Kapteinsgården" i Kvinnherad - Prost Dahl sin barndomsheim.



Foto: Anne-K. Misje

Ramondou og Sellevåg i hagen utenfor Kapteinsgården

Gulen kommune vart for mange år attende invitert av noverande eigar, Rita Ramondou, til å vitje Kapteinsgården og etablere kontakt og drøfte evt. samarbeid med kommunen kring Prost Dahl. No er tida komen for å få skrive biografien om Prosten, og høvet bød seg til eit besök.



Foto: Anne-K. Misje

Innehavar av "Kapteinsgården" i Kvinnherad Rita Ramondou og journalist Inge Sellevåg studerar Slektshistoria til Prost Dahl



Foto: Anne-K. Misje

Finstova i Prost Dahl sin barndomsheim. Dahl vaks opp i velstand, men døydde etter å ha brukta heile formuen sin på å betre livsvilkåra til innbyggjarane i Gulen med stor gjeld.

Sellevåg tek sikte på gjennom biografien, å utdjupe bildet av Prost Dahl, og komme nærmare kva som dreiv denne markante personen. Forfattaren ønskjer også å synleggjere korleis Prost Dahl, saman med dei andre delegatene frå Vestlandet i 1814 fekk avgjerande betydning for framveksten av det norske kravet om sjølvstendighet.

Biografien skal vere ferdig til Grunnlovsjubileet i 2014.

Inge Sellevåg er interessert i å komma i kontakt med folk som kan sitte på dokument, gjenstandar, brev eller liknande som kan bidra til ny kunnskap om Dahl.

Ein veit at buet til Dahl vart seld på auksjon etter hans død, for å dekke noko av gjelda hans. Ein veit også at han donerte heile boksamlinga si til Folkebiblioteket, ein boksamling som andre forfattarar kom for å studere -men ingen veit kvar samlinga tok vegen. Kan hende havna noko av dette rundt på bygda i Gulen. Og kan hende veit folk i Gulen noko meir om denne mannen enn det som til no har kome fram.

Vi oppmodar alle som i dag sit på opplysningar, dokument eller gjenstandar som kan bidra til å kaste lys over Prost Dahl til å ta kontakt med Anne-Karin Misje, tlf. 57 78 20 06, eller med Inge Sellevåg direkte på tlf. 975 13 506.

Ledige stillingar ved Gulen kommune

Søknadsfrist 13. september 2011

Ledige stillingar som reinhaldarar ved Drift og Vedlikehald

- Gulen helsecenter (Eivindvik), 3 t/v = 8 % stilling. Arbeid 1 dag/veke. Fast stilling
- Brekke barnehage og skule, 17 t/v = 46,67 % stilling. Arbeid 5 dagar/ veke. Vikariat i tilda 01.09.2011 - 01.09.2012.
- Byrknes barnehage og skule, 7,5 t/v = 20 % stilling. Arbeid 2 dagar/veke. Vikariat i tida 01.09.2011 - 03.09.2012.

Ledig stilling som miljøfagarbeidar ved PU-tenesta

Inntil 64 % fast stilling som miljøarbeidar ledig ved PU-tenesta i Gulen frå 01.10.2011.

Ledig stilling som vaktmeister Drift og vedlikehald

Vi har ledig 50 % fast stilling som vaktmeister frå 01.01.2011.

Ledig stilling som PPT-rådgivar ved eining oppvekst

Det er ledig 100 % stilling som rådgivar frå snarast. 30 % av stillinga er fast, og 70 % er vikariat fram til 01.04.2012. Vikariatet kan verte forlenga.

Ledig stilling som helsesyster

Vi har ledig 40 % fast stilling som helsesyster frå 01.12.11.

Ledige stillingar som sjukepleiar - ambulerande nattevakt

I samband med dette lyser vi ut 140 % stilling som sjukepleiar. Arbeid 3. kvar helg.

Ledig helgestilling som sjukepleiar/helsefagarbeidar/assistent ved sone Eivindvik - Gulen sjukeheim

Helgestillingar som sjukepleiar/ helsefagarbeidar/ assistent ledige frå snarast. 12 - 13,5 % stilling. Arbeid kvar 3. helg.

Ledig stilling som helsefagarbeidar ved sone Brekke

- 12 % vikarstilling ledig i tida 01.10.2011 - 03.09.2012. Arbeid 3. kvar helg.
- 32 % vikarstilling ledig i tida 01.11.2011 - 03.09.2012. Arbeid 3. kvar helg.

For alle stillingane: tilsetjing etter gjeldande lover, føresegner og avtalar.
Søknad med CV vert å sende til Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik.

Alle stillingsutlysningane kan ein finne på www.gulen.kommune.no/ledige-stillingar

Les meir på  www.gulen.kommune.no

Hjarteleg takk

Kreftomsorga i Gulen vil med dette få takke for minnegåva etter Finn Randal sin bortgang.
Hjarteleg takk.

Med vennleg helsing

Ressursspl. i kreftomsorg Linda Hantveit
Einingssleiar Nina Haveland

Skule- og barnehagerute 2011-2012

Hovudutval for oppvekst har fastsett ferie- og fridager for skulen, og planleggingsdagar for barnehagane for skuleåret 2011/2012. Desse dagane er barnehagane stengde!

Vedtaket er som følgjer:

Grunnskulen:

August

Første skuledag: Onsdag 17. Torsdag 18.

Oktober

Haustferie: Måndag 10. til fredag 14. (v. 41)

November

Elevfri dag: Måndag 21.

Desember

Siste skuledag før jul: Onsdag 21.

Januar

Første skuledag: Tirsdag 3.

Februar/mars

Vinterferie: Måndag 20. – fredag 24. (veke 8)

Vinterferie (kun for Byrknes barnehage og skule): Måndag 27. - fredag 2. mars (veke 9)

Siste skuledag før påske: Fredag 30. mars

April

Første skuledag etter påske: Tysdag 10.

Elevfrie dagar: Fredag 20. og måndag 30.

Mai

Elevfri dag: Fredag 18.

Juni

Siste skuledag: Onsdag 20. Torsdag 21.

Planleggingsdagar i barnehagane:

Fredag 12. august 2011

Måndag 10. og tyydag 11. oktober 2011

Måndag 2. januar 2012

Måndag 30. april 2012

NAV Gulen

Telefon 57 78 63 20



23.oktober er det TV-aksjon!

Aksjonen i år heiter: " Vi rydder for livet", og midlane går til Norsk Folkehjelp sitt arbeid med å fjerne mine- og klasebomber.

Lokalkomiteen er leia av ordførar og med eitt medlem frå kvar skulekrins.

Vi vil trenge mange frivillige bøssebærarar, så vi håpar de seier ja til denne nasjonale dugnaden når de vert spurde.

Over 70 land i verden har eit mine- eller klasebombeproblem. I 2011 ryddar Norsk Folkehjelp miner og eksplosiver i 15 av desse landa.

Set av 23. okt, bli med som bøssebærar og hugs å ta ut kontantar!

Meir opplysningar finn du på www.tvaksjonen.no



Norsk Folkehjelp

TV-AKSJONEN **NRK** 23.OKT

Takk!

Personale og bebuarar ved Brekke bu og omsorgsenter vil med dette takke Brekke bygdekinnelag for pengegåva som me fekk etter utlodding. Ein særlig takk til Bjørg Haugland som fekk det heile i gang ved å gi ein flott hekladuk! Ein sein takk, men ein god takk !!! Det kom mykje godt ut av pengane: nye bord i stova, nye stolar er på vei, eit nytt flott skap til stova og ikkje minst INR apparat, CRP apparat og apparat for avlesing av urinprøvar.

Ynskjer med det same å takke alle i Brekke helselag som stiller opp og går tur med bebuarane våre. Dette set dei stor pris på og me ser at fleire er ute og går etter at de starta opp med dette.

Takk for god innsats !

Med venleg helsing personale og bebuarar på Brekke bu og omsorgsenter.